

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1064/2007

2013/EØS/38/21

av 17. september 2007

om endring av vedlegg I til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse, med omsyn til avilamycin(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

feitt, lever og nyrer) og fjørfe (musklar, hud og feitt, lever og nyrer) på det vilkåret at avilamycin ikkje vert nytta til fjørfeartar som produserer egg til konsum.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

3) Forordning (EØF) nr. 2377/90 bør difor endrast.

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 av 26. juni 1990 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse⁽¹⁾, særleg artikkel 2,

4) Det bør fastsetjast ein tilstrekkeleg lang frist før denne forordninga tek til å gjelde, slik at medlemsstatane, for å ta omsyn til føresegnene i denne forordninga, får høve til å gjere dei tilpassingane som i lys av føresegnene i denne forordninga kan vere naudsynte i løyva til å marknadsføre dei aktuelle veterinærpreparata som er gjevne i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/82/EF av 6. november 2001 om innføring av et fellesskapsregelverk for veterinærpreparater⁽²⁾.

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske lækjemiddelkontoret, som er gjeven av Utvalet for veterinærpreparat, og

5) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for veterinærpreparat —

ut frå desse synsmåtene:

1) Alle farmakologisk verksame stoff som vert nytta i Fellesskapet i veterinærpreparat som skal tilførast dyr som er meinte for næringsmiddelproduksjon, skal vurderast i samsvar med forordning (EØF) nr. 2377/90.

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

2) Ein søknad om fastsetjing av grenseverdiar for restmengder for avilamycin, eit antibiotikum som tilhøyrer gruppa ortosomycin, er send over til Det europeiske lækjemiddelkontoret. På grunnlag av tilrådinga frå Utvalet for veterinærpreparat bør dette stoffet først opp i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 for svin (musklar, hud og feitt, lever og nyrer), kaninar (musklar,

Vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert endra i samsvar med vedlegget til denne forordninga.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*. Ho skal nyttast frå 18. november 2007.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 243 av 18.9.2007, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 47/2008 av 25. april 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 52, 21.8.2008, s. 15.

(¹) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 1. Forordninga sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 703/2007 (TEU L 161 av 22.6.2007, s. 28).

(²) TEF L 311 av 28.11.2001, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/28/EF (TEU L 136 av 30.4.2004, s. 58).

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 17. september 2007.

For Kommisjonen
Günter VERHEUGEN
Visepresident

VEDELEGG

I vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 («Liste over farmakologisk virksomme stoffer med fastsatte grenseverdier for restmengder») vert følgende nye stoff sett inn:

1. Anti-infektiva
- 1.2. Antibiotika
- 1.2.15. Ortosomyciner

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev
Avilamycin	Diklorisovevminsyre	Svin	50 µg/kg 100 µg/kg 300 µg/kg 200 µg/kg 50 µg/kg 100 µg/kg 300 µg/kg 200 µg/kg 50 µg/kg 100 µg/kg 300 µg/kg 200 µg/kg	Muskler Fett ⁽¹⁾ Lever Nyrer Muskler Fett Lever Nyrer Muskler Fett ⁽³⁾ Lever Nyrer
		Kanin		
		Fjørfe ⁽²⁾		

⁽¹⁾ For svin og fjørfe gjelder denne grenseverdien «hud og fett i naturlig forhold».

⁽²⁾ Ikke til bruk i dyr som produserer egg til konsum.

⁽³⁾ For svin og fjørfe gjelder denne grenseverdien «hud og fett i naturlig forhold».